



ELIN BACKUS

5939 SLETTA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Silje Anette Lyhammer, 5557 2151

Svar på søknad om dispensasjon frå etterregistreringsfristen i produksjonstilskot - Elin Backus

Vi viser til søknad om dispensasjon frå søknadsfristen for produksjonstilskot, sendt 11. januar 2021. Søknaden vart oversendt frå Alver kommune 18. januar 2021.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland gjev føretaket Elin Backus, org.nr 988 613 096, avslag på søknad om dispensasjon frå etterregistreringsfristen i produksjonstilskot 2020. Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 9.

Bakgrunn

Føretaket Elin Backus driv med hald av ammekyr og øvrige storfe i Alver kommune. Du søkte om produksjonstilskot i mars og oktober 2020. Då du skulle etterregistrere avløysarutgifter i januar 2021, for 2020, fann du søknaden frå 12. oktober 2020, men ikkje noko «endre innsendte opplysningar» knapp. Du lette alle vegar og fekk til slutt meldinga «error, prøv igjen på et senere tidspunkt». Du skriv i søknaden din at du prøvde å logge inn i Altinn 8., 9. og 10. januar for å etterregistrere opplysningar. Du har brukt totalt kr 12.958,- på avløsning i 2020.

Regelverk

I følge forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket og Veileder til søknad om produksjonstilskudd, er det søkjar sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid. Søknadsfristane er 15. mars og 15. oktober. Nokre opplysningar kan etterregistrerast fram til 10. januar året etter. Statsforvaltaren kan i særlege høve dispensere frå søknadsfristen jf. forskrifta §9. Dei same retningslinene gjeld fristen for etterregistrering 10. januar.

Vurdering

Føretak som søker om produksjonstilskot er å rekne som sjølvstendig næringsdrivande. Som sjølvstendig næringsdrivande må det stillast strenge krav til aktsemd og at søkjar overheld fristane i samband med søknad om produksjonstilskot. Det er søkjar sitt ansvar å setje seg inn i regelverket og passe på at søknaden vert levert i rett tid, det gjeld også nye søkjarar.



Landbruksdirektoratet har i rundskriv 2020–28 i punkt 9.2, gjort greie for korleis dispensasjonsreglane skal praktiserast. Ein dispensasjon kan gjevast i «særlige tilfeller». Det tyder at det berre kan innvilgast dispensasjon når det føreligg ei spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta. Dispensasjon er meint som ein sikkerheitsventil, og skal berre nyttast i heilt spesielle situasjonar. Dette tyder at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå søknadsfristen når søkjar sjølv kunne ha avverga at søknaden vert levert for seint. Det skal gjerast ei heilskapleg vurdering om det er eit særleg tilfelle.

Ut frå informasjonen oppfattar vi at du har logga inn i Altinn, funne søknaden frå oktober 2020, men ikkje klart å endre etterregistrerte opplysningar.

Statsforvaltaren har vore i kontakt med Landbruksdirektoratet. Der fekk vi beskjed om at det ikkje viser spor i logg siste 30 dagar. Dei kan ikkje sjå om du har vore logga inn i Altinn, berre om du har opna skjema for produksjonstilskot.

Kvittering på tidlegare innsendte søknader er sendt til innboksen til føretaket ditt i Altinn. Det er heller ikkje naudsynt å finne tilbake til søknaden frå oktober for å etterregistrere. Du kan klikke deg inn i skjemaet via «min side» i Altinn.

Vi finn difor at dette ikkje er eit særleg tilfelle som gir grunnlag for dispensasjon frå søknadsfristen for føretaket Elin Backus.

Klagerett

Etter forvaltningslova kap. VI kan du klage på dette vedtaket innan tre veker etter at du har motteke dette brevet. Klaga skal grunngjevast, stilast til Landbruksdirektoratet og sendast om Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær
ass landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer
Seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG